



Uskedalen har eit parkeringsproblemm ved større arrangement i sentrum.

**Ved arrangementet Lambasleppet i går kveld var det merbart vanskar med parkering i sentrum og ved gjennomkøyring til kyrkja, Rabben Feriesenter og båthamnene. Det stod bilar parkerte alt over, men med koordinering og tettare plassering av bilane, kunne alt vore betre. Alle parkerer sjølvsgt nærast på konsertareaen, men med skilting og informasjon på plassen ville noko av vanskane vore løyst.**

Når Uskedalen.no lagar sak på dette, er det med ynskje om ei betring på resten av arrangementet. Det er venta mykje folk og bilar i sentrum i dag på Næringsseminaret og på laurdag morgon med Festivalfrukost og seinare ved Festitaren og Festidagenshow.



Parkeringa i går kveld førte til at det knapt var gjennomkøyring for bubilar og andre gjester til Rabben Feriesenter og båthamnene. Frammøte til fjellturane er ved Gamleskulen. Festivalkontoret ligg i sentrum og Helgheim vert nytta til føredragskro. Det skal alltid vera frå gjennomkøyring til kyrkja og Rabben Feriesenter. Ved uventa hendingar skal det vera fri passasje for brannbil, politi og ambulanse. Gjester til comingområde med bubilar og vogner må ha fri tilgang og utgang.

Vanskane med trafikk og parkering er mest synlege på dagarrangementa i sentrum, ikkje så mykje på kvelden. Då vert mange køyrte på plassen og seinare henta. Mange brukar bussane heim på natta.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal